

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

**Frå:** Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

### Opprettning av vg3 fagopplæring i skule

På bakgrunn av tal søkerar til lærepllass utan tilbod, er det gjort ei vurdering av kva lærefag det er størst avvik mellom søkerar til lærepllass og kor mange som står utan kontrakt. Tala under viser på kva grunnlag behov for vg3 fagopplæring i skule blei oppretta.

Referatsaka viser tal søkerar utan lærepllass per nærskuleområde, gjer greie for kva fag som har flest søkerar til lærepllass utan tilbod ned til 10 søkerar frå vg2 og , og oversikt over opprettning av vg3-tilbod.

Etter oppdateringa som låg til grunn for opprettning av klassar, stod om lag 160 søkerar utan lærekontrakt. 91 av desse var i nærskuleområdet stor-Bergen.

| Nærskuleområde       | Tal utan lærepllass vg2 | Tal avgivarprogram |
|----------------------|-------------------------|--------------------|
| 1, Sunnhordland      | 12                      | 6                  |
| 2, Hardanger og Voss | 11                      | 7                  |
| 3, Stor-Bergen       | 91                      | 20                 |
| 4, Nordhordland      | 12                      | 4                  |
| 5, Indre Sogn        | 8                       | 6                  |
| 6, HAFS              | 0                       | 0                  |
| 7, Sunnfjord og Sogn | 17                      | 8                  |
| 8, Nordfjord         | 7                       | 5                  |

Tabell 1: Søkerar utan lærepllass. På nærskuleområde og tal programområde

Tabellen viser at den geografiske spreininga er monaleg og at søkerane er fordelt på mange avgivarprogram. Det gjer det vanskeleg å opprette vg3 utanfor byområda, sidan det i mange område ikkje vil vere tilstrekkeleg grunnlag frå eit relevant vg2-løp til å opprette vg3. Tilbod til søkerane utan tilbod må individualiserast der det ikkje er tilrädeleg å opprette eigne klassar.

| Programområde              | Utan lærepllass vg2 | ...av desse kjem X frå ein skule i stor-Bergen | Utan avgivarskule | Totalt |
|----------------------------|---------------------|--|-------------------|--------|
| Helsefagarbeidar           | 35                  | 22   | 8                 | 43     |
| Elenergi og ekonomi        | 18                  | 11   | 9                 | 27     |
| Industrieknologi           | 13                  | 8  | 12                | 25     |
| Barne- og ungdomsarbeid    | 13                  | 8  | 6                 | 19     |
| Sal, service og sikkerheit | 10                  | 3  | 6                 | 16     |
| Køyretøy                   | 11                  | 7  | 1                 | 12     |
| Byggteknikk                | 10                  | 7  | 0                 | 10     |

Tabell 2: Programområda med flest søkerar til vg2 utan lærekontrakt

Som tidlegare år er det volumfaga HO og TIF som har flest søkerar utan tilbod. EL er også ein varsle gjengangar. Byggeteknikk vil erfaringsmessig løyse seg utan vg3. Tala viser ikkje kva kommune søkerane som står utan avgivarskule kjem frå. Truleg er det noko spreiing her også, men det er lagt til grunn at majoriteten er i stor-Bergen.

#### **Oppretting av vg3 fagopplæring i skule**

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har vurdert at programområde med 10 eller fleire utan tilbod vurderast for vg3 fagopplæring i skule. Tabellen under viser programområde og tal klassar som vert sett i gang.

| Programområde                 | Tal<br>klassar |
|-------------------------------|----------------|
| Helsefagarbeidar              | 2              |
| Elenergi og ekom              | 1              |
| Industriteknologi             | 1              |
| Barne- og<br>ungd.arb.        | 1              |
| Sal, service og<br>sikkerheit | 1              |
| Køyretøy                      | 1              |

Tabell 3: Oppretta vg3 fagopplæring i skule